



## Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato	
	Formannskapet	25.02.2015	
	Kommunestyret		
Sakshandsamar:	<i>Hilde Tråer Hardang</i>		
Arkivsaknr.:	15/9	Klassering:	

### Opparbeiding av sentrumspark

#### Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

Rådmann får fullmakt til å inngå avtale og starte arbeidet med opparbeiding av sentrumspark. Det vil bli inngått avtale med den tilbyder med lågaste pris, innanfor ei ramme på kr 2.098.146 eks mva.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Det vart i 2013 vedtatt at Asplan Viak skulle utarbeide eit forprosjekt for opparbeiding av ein park i kommunesentrum. (Sak 048/13 og 034/13). Oktober 2013 overleverte Asplan Viak forprosjektet til Austrheim kommune. Dette prosjektet er lagt til grunn når ein nå har hatt opparbeiding av sentrumspark ute på anbod. Prosjektet blei lagt ut som offentleg anskaffelse på Doffin desember 2014, med tilhøyrande anbodsopning februar 2015. Det var fem tilbyderar som gav pris på prosjektet.

## **Vurdering**

### Folkehelse

Parken vil skape ein møteplass for innbyggerane, tilpassa ulike aldersgrupper.

### Miljø

Etablering av ein sentrumspark hevar attraktiviteten til Austrheim kommunesentrum.

Parken vil skape ein flott og representativ inngangsport til kommunesenteret.

Parken vil opparbeidast med ein open møteplass der ein kan ha kulturelle arrangement.

### Økonomi

Kostnadane for opparbeiding av sentrumspark skal dekkast med midlar avsatt på budsjett (kr 1.200.000), tilskot frå Hordaland Fylkeskommune (kr 500.000) og egne fond (*25300013 Utsmykking komm. Bygg kr 341.397 og 25300025 Kystlandsbyen – 2010 kr 56.749*)

Parken skal opparbeidast innanfor den totale ramma på kr 2.098.146 eks mva.

## **Konklusjon**

Rådmann får fullmakt til å inngå avtale og starte arbeidet med opparbeiding av sentrumspark. Det vil bli inngått avtale med den tilbydar med lågaste pris, innanfor ei ramme på kr 2.098.146 eks mva.

## **Sakspartar**